

Årsmelding 2010

Babysong og småbarnstreff

*"Den fyrste song eg høyra fekk, var mor sin song ved vogga.
Dei mjuke ord til hjarta gjekk, dei kunne gråten stogga."*

Det har vore stor aktivitet på babysong og småbarnstreff også dette året. Frammøtet har vore litt variererande . Me hadde stabilt og godt frammøte på våren (gj.sn. frammøte 45 stk), men merka ein liten nedgong på hausten (gj.sn frammøte 35 stk).

Hausten 2009 gjekk me over til babysongkurs m/påmelding. Dette var ei ordning me synst fungerte godt, og fortsette difor med dette i 2010

På babysongkurset hadde me påmelde våren 2010 : 13 babyar og 13 vaksne
hausten 2010 : 12 babyar og 10 vaksne.

Me har hatt to gjenbruksdagar, og i november deltok me også dette året på gudsteneste i kyrkja. Me hadde planlagt adventsamling første onsdag i desember. Men sidan Bedehuset vart opptatt pga minnestud denne dagen, måtte me avlysa adventssamlinga. Det vart då ei enkel samling i kjellaren I staden for.

Ved påsketider hadde me skogstur til Rimbareidfeltet. Her kokte me påskeegg, grilla pølser og koste oss i skogen. I løpet av året hadde me også 4 leikeplasstreff, + grilling i Breiavikjo i mai og skogstur i Rimbareid feltet i oktober.

Me samlast på Fitjar bedehus annakvar onsdag frå kl. 10.30 til 12.00 (8 samlingar i semesteret). Me ynskjer å skapa ein god møteplass, leggja til rette for gode opplevingar, læra vidare kjende og ukjende barnsogar og formidla ein kjærleg Gud. Samlingane startar med song- og musikkstund, før me et niste saman og til slutt har tid til leik og prat. Tre kjekke damer hjelper oss på kjøkenet; Marta E. Helland, Guro Tveit og Gerd Træet. Me prøver å skapa eit godt måltidsfelleskap med lys på bordet, bordvers og servering av kaffi, te og saft.

Å få vera saman med ungane og dei vaksne på babysong og småbarnstreff gjev stor glede. Det er oppmuntrande å sjå at stadig nye finn vegen og blir ein del av miljøet.

Me gler oss no over at me skal feira 10-årsjubileum med stor bursdagfest på Bedehuset 5. februar, og ser også fram til nye treff i året som kjem !

Kari Anita Larsen, Helga Rimmereid og Astrid Koløen Prestbø